

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 21.05.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Møteom 1.etg.
Møtenr.: 2/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak 010/13. Revisor sak 010/13.

Melding til: Ordførar(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemmer (varamedlemer vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

008/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
009/13 Skriv og meldingar.
010/13 Årsrekneskapen og årsmelding 2012 – Askvoll kommune.
011/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Askvoll.
012/13 Eventuelt.

Askvoll 10.05 2013.

Jorunn Ringstad (s)
Leiar

Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

008/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 07.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	008/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

009/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 2-13: Vedtak i kommunestyret sak 138/12 Plan for selskapskontroll.
SM 3-13: Vedtak kommunestyresak 019/13 Plan for forvaltningsrevisjon.
SM 4-13: Vedtak kommunestyresak 018/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Askvoll.
SM 5-13: Brev frå KRYSS revisjon til Askvoll kommune om avslutning av årsrekneskapen for år 2012, datert 10.01.2013.
SM 6-13: Årsrapport for 2012 – Skatteoppkrevjaren i Askvoll kommune.
SM 7-13: Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Askvoll kommune.
SM 8-13: Revisjonsuttale omstillingsprosjektet 2012 Askvoll.
SM 9-13: E-post frå KRYSS revisjon om status forvaltningsrevisjonsprosjekt «Vurdering av innkjøpsfunksjonen».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	13.12.2012	167/12	SVF
Kommunestyret	17.12.2012	138/12	SVF

Saksbeh
Svein Festervoll

Arkivsaknr
12/1096-2

Arkiv
KI-144

Plan for selskapskontroll 2012 - 2016

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si tilråding i sak 29/12.

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke.

KOM-138/12 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet si tilråding i sak 29/12:

1. Planen for selskapskontroll i Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.
2. Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram ei sak om selskapsstrategi og eigarskapsmelding.

Saksutgreiing:

Vedlagt følger sak 29/12 frå kontrollutvalet.

SAKSDOKUMENT:**Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.12.2012	SEKOM-sekretariatet	Plan for selskapskontroll - Askvoll kommune

SEKOM-sekretariatet
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.
12/132-4

Dykkar ref.

Arkiv
K1-216

Dato:
25.03.2013

Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 - Askvoll kommune - melding om vedtak

Det er fatta følgjande vedtak i saka i kommunestyret sitt møte 11. mars 2013:

11.03.2013 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016

Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune
3. Vedlikehald av kommunal eigedom

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

KOM-019/13 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016

Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:

1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren
2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune
3. Vedlikehald av kommunal eigedom

Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Med helsing


Svein Festervoll
Rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

SEKOM-sekretariatet
Postboks 338

6802 FØRDE

Vår ref.
13/126-3

Dykkar ref.

Arkiv
K1-033, K3-&14

Dato:
25.03.2013

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Askvoll - melding om vedtak

Det er fatta følgjande vedtak i saka i kommunestyret sitt møte 11. mars 2013:

11.03.2013 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent.

KOM-018/13 VEDTAK:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent.

Med helsing


Svein Festervoll
Rådmann

Direkte tlf.: 57 73 07 03

KRYSS REVISJON

KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/
Revisjonssjef:

Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27

terje.forde@kryssrevisjon.no

postmottak@kryssrevisjon.no

Bank:

3705.08.27845

Org. nr.:

987 608 064 MVA

Askvoll kommune
v/Rådmannen
6980 Askvoll

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Vårsavslutning 2012/tv13

Arkivkode:

216

Journalnr.:

004 / 2013

Dokumentdato:

10. januar 2013

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2012, 15. februar 2013, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2012 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.13.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å innhente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighetserklæring* (eit eksempel brev følger vedlagt her) der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi viser til eksempel malen på ei slik erklæring (vedlegg 1).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet og kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12.** Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (vedlegg 2) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2012 er **31. mars 2013**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret for formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapssaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet* si *innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot eller dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndeckast.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

SM5-13

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Vi avgav revisjonsberetninga til årsrekneskapen for 2011 etter dei nye standardkrava og det same vil skje for 2012. Dette er økonomisjefane/rekneskaps-sjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Det er også strenge krav til dokumentasjon av balanseverdiane. Vi minner elles om at dokumentasjon på avstemd rekneskap også skal leggjast fram for revisor. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2012, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2012.

Florø den 10. januar 2013

Med helsing



Trine Vokuhl

Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2012
Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordførar Frida Melvær
Konst. økonomisjef Nina Haugstad
Kontrollutvalet

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2012**

Til

KRYSS Revisjon

Strandgt 43

6900 Flora

**FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. FLORA KOMMUNE SIN
ÅRSREKNESKAP FOR 2012**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2012.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2012 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedomssrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) (Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)

Vedlegg. Nr. 2

Revisjonsnotat 05.01.12;

Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for *alle balansepostar med mindre dei er ubetydelege*.

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av *bankinnskott, lånegjeld, kontantar*, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for fullstendighet!

> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

> **Kontantkasser** – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!§ 6-3 Dokumentasjon av *finansielle instrument*

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av *avsetningar*, nedskrivingar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt førast bort som tap

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggst til eige arkiv), men:

- ☞ **Årets tilgang:** jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå **Balansen** på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – **Anleggsregisteret** med avskrivingsgrupper og funksjonar – til **Investeringsrekneskapet** på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

> Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ **Årets avgang** i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

> NB ! Nedskriving utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ **Avskrivningar**; jfr. anleggsmodul

> Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år **før** ferdigstilt/teke i bruk**Omløpsaksjar skal nedskrivast; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.****Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å sleppe årleg nedskriving, husk då at :****Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)

- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evnt klassifisering av verdipapirer til anleggsmidler må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidler og NB!!!:
 - >Salg av Anleggsmidler er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidler:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidler returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidler:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsetast til Disposisjonsfond med 'merkelapp' !
- ☞ Bruk av "merka" disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Bystyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift
tilsvarande minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag**; ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidigheit og må vere innafor same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minimumsavdrag) skal bereknast, men KRD (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svarbrev av 25.09.2007 frå KRD til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

- ☞ **Kommunelova § 50, nr. 7**
 - >Gjenstående løpetid for kommunane si samla gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidler ved siste årsskifte.
 - >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidler (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)
- ☞ **Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.**
 - >Når det gjeld metodane, forenkla modell og reknearkmodellen, så vert det vist til KRD-brev av 25.09.2007.



Årsrapport for 2012

Skatteoppkreveren i Askvoll kommune

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1428', År : '2012', Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	18 432 929	18 400 341
Skyldig skattekreditorene	-996 486	-2 067 903
Skyldig andre	-23 864	-15 177
Innestående margin	-17 412 575	-16 317 258
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-26 645 062	-25 319 320
Personlige skatteyttere	-192 677 957	-178 161 166
Selskapsskatt	-10 948 962	-14 853 315
Renter	110 895	176 676
Innfordring	16 590	-3 280
Sum	-230 144 496	-218 160 404
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	26 645 062	25 319 320
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	52 601 601	50 348 682
Fordelt til Fylkeskommunen	12 110 092	11 113 588
Fordelt til kommunen	55 460 398	50 601 372
Fordelt til Staten	83 327 343	80 777 442
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	0
Sum	230 144 496	218 160 404
Sum totalt	0	0

Kåre Nørstved

29.01.13

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet.....	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	5
1.4 Skatteutvalg	5
2. Skatteregnskapet	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet	5
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2011	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2012	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen	6
3. Innfordring av krav.....	6
3.1 Restanseutviklingen	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser.....	7
3.1.3 Restanser eldre år	7
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	7
3.2 Innfordringens effektivitet.....	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	8
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	8
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen	8
3.3 Særnamskompetanse	8
4. Arbeidsgiverkontroll	9
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	9
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen	9
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	10
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	10

1. Generelt om skatteoppkrevjarens verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret		100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		35 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift		35 %
Arbeidsgiverkontroll		20 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		5 %
Skatteutvalg		%
Administrasjon		5 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjarfunksjonen er organisert i staben ved økonomiavdelinga i Askvoll.

Økonomiavdelinga er ein av stabane til rådmannen.

Økonomiansvarleg er skatteoppkrevjar sin næraste administrative overordna.

Skatteoppkrevjaren har 100% stilling der arbeidet som skatteoppkrevjar er stipulert til om lag 75% stillingsdel. I tillegg kjem ressursen av interkommunal rekneskapskontrollør der Askvoll kommune sin stillingsdel i 2011 utgjer ca 20%.

Askvoll kommune, Fjaler kommune og Hyllestad kommune har inngått samarbeidsavtale om skatteoppkrevjaroppgåver, som skal sikre arbeidssituasjonen ved kortvarig sjukdom og ferie.

1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatteoppkrevjaren er åleine om oppgåvene som høyrer inn under skatteoppkrevjar sitt ansvarsområde, og har i tillegg arbeidsoppgåver med innkrevjing av kommunale krav.

På grunn av at skatteoppkrevjar er åleine om arbeidsoppgåvene, vert kontoret sårbart ved ferie og eventuelt sjukefråvær. Det er difor inngått ein samarbeidsavtale med Fjaler kommune og Hyllestad kommune, jf. pkt. 1.1.2, slik at skatteoppkrevjarane har gjensidige tilgangar og fullmakter til å kunne utføre arbeidsoppgåver for kvarandre ved behov.

Askvoll kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS - regionen. Solund har arbeidsgjevaransvar for denne stillinga.

Under ein normalsituasjon vert bemanninga vurdert som tilfredstillande for dei hovudområda som skatteoppkrevjaren skal utføre.

For fagleg oppdatering og utvikling deltar skatteoppkrevjaren og rekneskapskontrolløren på kurs og konferansar m.m. som er relevant for dei arbeidsoppgåvene som skal utførast.

I August 2012 gjekk Skatteoppkrevjar ut i foreldrepermisjon som varte ut året. Vikar er tilsett og opplærd etter evne og ressursar tilgjengeleg. Ordninga virkar å ha fungert tilfredsstillande.

1.2 Internkontroll

Eit system for internkontroll er gjerne samansett av tre element; styrande dokumentasjon, gjennomførande dokumentasjon og kontrollerande dokumentasjon, og omfanget blir tilpassa den enkelte skatteoppkrevjarkontors størrelse og kompleksitet i oppgåvene.

Det er utarbeidd ein internkontrollperm som er oppbygd etter dette systemet, dette for å sikre internkontroll ved Askvoll skatteoppkrevjarkontor.

Som ein del av internkontroll er det utarbeidd Verksemdplan for 2012 som synleggjer størrelsen og utviklinga, mål, resultatkrav, strategiar, tiltak, retningslinjer for rapportering, kritiske suksessfaktorar, evaluering, og forfallskalender for dei ulike oppgåvene for kontorets verksemd.

Som ein del av internkontrollen er det utarbeidd lokale rutineskildringar, som synleggjer korleis oppgåvene skal utførast. Det er i tillegg rutinar i Sofie for den enkelte arbeidsoperasjonen som det blir vist til.

Det blir jamleg føretatt bankavstemming og månadlege periodeavstemming. Kontroll av tilgang og fullmakter blir kontrollert i samband med periodeavstemming.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

	2012	2011	Endring 2011-2012
Arbeidsgjevaravgift	26 645 062	25 319 320	1 325 742
Personlege skatteytarar	192 677 957	178 161 166	14 516 791
Selskapsskatt	10 948 962	14 853 315	-3 904 353
Renter	-110 895	-176 676	65 781
Innkrevjing	16 590	-3 280	-19 870
Sum innbetalt skatt og avgifter	230 144 496	218 160 404	11 984 092

Skattinngang til skattekreditorane	2012	2011	Endring 2011-2012
Askvoll kommune	55 460 398	50 601 372	4 859 026
Staten	83 327 343	80 777 442	2 549 901
Fylkeskommunen	12 110 092	11 113 588	996 504
Folketrygda	79 246 663	75 668 002	3 578 661
Ufordelt	991 913	1 092 768	-100 855
Sum	230 144 496	218 160 404	11 984 092

Den totale skatteinngangen for 2012 syner samla kr 230 144 496,- og ligg 11, 98 mill over resultatet for 2011.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i rekneskapsåret

Skatteinngongen for Askvoll kommune for år 2012 er på kr 55 460 398 mot kr. 50 601 372 for år 2010, som er ei auke i kroner på 4 859 026,- og i prosent på 9,6 %
Askvoll kommune budsjetterte med ein skatteinngang på kr 54 356 000 for 2012.
Skatteinngongen for Askvoll Kommune er 2,0 % øve budsjett.

1.4 Skatteutval

Skatteutvalet har ikkje handsama sakar i 2012.

2. Skatterekneskapen

2.1 Avlegging av skatterekneskapen

Avlegging av skatterekneskapen

Skatteoppkrevjaren i Askvoll kommune bekreftar at skatterekneskapen for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegging av skatterekneskapen frå regional kontrollering.

Årsrekneskapen for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012	kr	0
For lite avsatt margin for inntektsåret 2011	kr	2 696 824

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig frå: 25.10.2012

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012 kr 17 412 575

Gjeldande prosentats marginavsetning: 10 % Gyldig fra: 25.10.2010

2.2.3 Kommentarer til marginavsetninga

Askvoll kommune hadde underskot på marginoppgjøret 2008, 2009, 2010 og 2011. Prosentsatsen for marginavsetning var uendra i fleire år før den vart endra i oktober 2010. Ein kan diskutere om marginavsetningen fortsatt er for låg og burde aukast.

3. Innkreving av krav

3.1 Restanseutviklinga

3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	5 622 391	670	4 830 579	670	791 812	-
Arbeidsgiveravgift	138 237	-	87 989	-	50 248	-
Artistskatt	-	-	-	-	-	-
Forsinkelsesrente	74 770	-	21 947	-	52 823	-
Forskuddsskatt	0	-	-	-	0	-
Forskuddsskatt person	1 715 261	-	621 773	-	1 093 488	-
Forskuddstrekk	53 373	-	116 638	-	-63 265	-
Gebyr	-	-	-	-	-	-
Innfordringsinntek ter	32 490	670	28 372	670	4 118	-
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	-	-	-	-	-	-
Kildeskatt	-	-	-	-	-	-
Restskatt	207 721	-	1 000	-	206 721	-
Restskatt person	3 400 539	-	3 952 860	-	-552 321	-
Sum restanse diverse krav	-	-	-	-	-	-
Diverse krav	-	-	-	-	-	-
Sum restanser inkl. diverse krav	5622391	670	4 830 579	670	791 812	-

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restanser

Den totalt restanssemassen har pr. 31.12.2012 ei auke i forhold til førre år med NOK 791 812, dette er om lag halvparten av auke frå 2010 – 2011.

Det er ingen endring i berostilte krav.

Det er ikkje utført nokon avskrivingar for 2012.

Det er utført ei ettergiving i 2012 på NOK 1503. Denne kan ikkje seiast å ha vesentleg innverknad på restansesituasjonen for 2012.

3.1.3 Restansar eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	-526 203	-415 085
2009	-168 115	- 156 027
2008	-872 898	- 830 547
2007 – 19XX	-946 750	-----

3.1.4 Kommentarer til restansar og restanseoppfølginga for eldre år

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2012: 5
Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2012: NOK 9697

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2012.

Krava på lista er søkt innkrevd. Alle krava stammar frå 'restskatt person' på personar som ikkje er norske statsborgarar og ikkje tildelt norsk personnummer. Skatt Utland kan ikkje vere behjelpelig med innkreving då krava er under kravsgrensa for utlandssaker.

Det er foretatt jamnlege adressesøk med resultat ukjent adresse, personane antas å vere utflytta då dei ikkje har nokon LTO etter respektive kravår.

Skatteoppkrevjar vil behandle restanselista, oppdatere foreldelsesdato ihht 'ukjent adresse' og vurdere å utgiftsføre dei minste krava.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012

Rapportering frå skatteoppkrevjarkontoret til skattekontoret pr. 31.12.12

Kommunenr:	1428			Askvoll
Innbetalt skatt/avgift av sum krav siste år, fordelt på skatte - / avgiftsart	Resultat pr. 31.12.12	Resultatkrav	Differanse	Kommentarar til avvik
Restskatt 2010 for personlege skattytarar	93,8 %	90,3 %	3,5 %	
Forskotstrekk 2011	100,0 %	99,9 %	0,1 %	
Forskot 2011 for personlege skattytarar	99,0 %	99,5 %	-0,5 %	Nokre sjølvstendig næringsdrivande med større restansar har vist seg vanskeleg å inndrive. Ein av desse har Skatt Vest med fullmakt frå SKO Askvoll begjært konkurs.
Arbeidsgjevaravgift 2010	99,8 %	99,8 %	0 %	
Innkrevd restskatt av sum krav til innkreving siste år, inntektsåret 2009	71,5 %	61,0 %	10,5 %	

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Dersom krav ikkje blir betalt ved forfall vil det kort tid etter automatisk bli sendt ut varsel om tvangsinnkreving. Dersom varsel ikkje gjev resultat startar det vidare innkreivingsarbeidet. Innkreivingsiltak som er blitt nytta i 2011 er utleggsforretningar, utleggstrekk og motrekning. Det er ikkje i 2011 kravd tvangssal eller bistand til innkreivjing i utlandet. Det har i samarbeid med Skatt Vest vore to konkurspågongar i 2012. Begge med positivt resultat.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Vi har fire aktørar i Askvoll Kommune som samla utgjer 73 % av sum restansar. Ein av desse er de for tida ei pågåande konkurssak og ein vonar at det kjem fullt oppgjer her ila 2013.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkreivinga

Eigne mål for kontoret i 2013 er å ha høgare fokus på utleggsforretningar og sjå om dette vil auke effektiviteten i innfordringa.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkreivjaren i Askvoll har i 2012 nytta særnamskompetansen sin etter sktbl. § 14-3. Skatteoppkreivjar er under oppfatning av at innkreivjingsarbeidet går hurtigare og ryddigare med denne særkompetansen. Ein slepp å vente på lang sakshandsamingstid hjå Namsmannen, og har meir oversikt over krava og framgongen.

4. Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen

Askvoll kommune deltek i interkommunalt samarbeid om felles rekneskapskontrollør i HAFS - regionen. Det har dei siste åra vore store utskiftingar i IKR – stillinga, mykje grunna permisjonar innad i Solund Kommune som har arbeidsgjevaransvar for stilling. 2012 var prega av at vikar i stillinga var sjukemeldt delar av året og ein kom skeivt ut med kontrollørarbeidet. Målkrava er ikkje oppnådd.

Det er foreslått eit utvida samarbeid mellom fleire kommunar i fylket, skatteoppkrevjar stiller seg positiv til dette, då det viser seg at ein er ganske sårbar for fråvær og anna når ein berre har ein kontrollør i regionen. Ein reknar med at kostpris pr kontroll vil minke ved ei utviding av samarbeidet, tettare samarbeid mellom kontrollørane vil auke kompetansen og tryggheta.

Det er ennå uvissheit i om viss og når ei slik ordning vil tre i kraft. SKO i Askvoll er misnøgd med dagens ordning og vonar det kjem ei betring i 2013, entan ny avtale eller betring av eksisterande avtale.

4.2 Planlagde og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontrollar for 2012: 7

Som utgjør: 5,3 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar 2012: 5

Som utgjør: 3,8 % av totalt antal leverandørar av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontrollar i 2011: 3

4.3 Resultat fra arbeidsgjevarkontrollen

Det er ikkje utført kontrollar i 2012 som har avdekka høgare grunnlag for inntekt eller arbeidsgjevaravgift.

4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen

Etter kontrollplanen skulle rekneskapskontrolløren gjennomføre sju kontrollar for Askvoll, medan det vart utført fem. Skatteoppkrevjar vonar at eit utvida samarbeid vil bli oppretta då ein ikkje er nøgd med aktivitetsnivået pr dags dato.

Skatteoppkrevjarkontoret oppmuntrar til utvida samarbeid med fleire kommunar i fylket for å betre effektiviteten av arbeidsgjevarkontrollane.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Det har ikkje vore samarbeid med andre kontrollaktører i 2012.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det har i 2012 vore litt nyetablering av arbeidsgjevarar i kommunen. Det blir sendt ut informasjon frå skatteetaten til nyregistrert næringsdrivande - enkeltpersonføretak. I tillegg blir det informert via telefon og e-post etter førespurnad/ved behov. Dei fleste arbeidsgjevarane nyttar rekneskapskontor til tenester på lønsområdet og kommunikasjonen går i stor grad mot desse.

Sted/dato:

Askvoll 29.01.13


Skatteoppkreverens signatur

Vedlegg: Årsregnskapet for 2012 - signert av skatteoppkreveren.



Skatt vest

SM 7-13

Saksbehandlar
Frank Jønland

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013

Telefon
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/159345

Kommunestyret i Askvoll kommune
Postboks 174
6988 Askvoll

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Askvoll kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnskrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sjå www.skatteetaten.no
skattvest@skatteetaten.no

Sentralbord
800 80 000



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Askvoll kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 230 144 496 og uteståande restansar² på kr 5 662 391, av dette krav stilla på vent kr 670. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 19. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Askvoll kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	6,31	93,82	90,30	95,90	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	25,47	99,82	99,80	99,85	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	15,99	98,96	99,50	99,51	99,22
Forskotstrekk 2011	81,26	100,00	99,90	99,96	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	4,81	100,00	99,80	100,00	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	2,73	99,99	99,00	99,98	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Askvoll kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga i HAFS-regionen.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeids- gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
133	7	5	3,8	2,3	3,1	4,3

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsam arbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
0,95	1	1

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Stadlege kontrollar vart halden 11. og 12. april 2012 samt 24. oktober 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det berre er utført 3,8 % kontrollar mot eit krav på 5 %.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 17. april 2012 og 8. november 2012.

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
for avdelingsdirektør
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektør

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Askvoll kommune
- Skatteoppkrevjaren for Askvoll kommune
- Riksrevisjonen

SH 8-13 ~~18~~

Tveit Asgeir

Fra: Førde Terje
Sendt: 14. februar 2013 13:48
Til: Festervoll Svein; Haugstad Nina
Kopi: Tveit Asgeir; Melvær Frida; Hansen Britt; Trine Vokuhl
Emne: Prosjektrekneskap Omstillingsprosjektet i ASkvoll kommune 2012
Vedlegg: Revisjonsuttale omstillingsprosjektet2012 Askvoll d140213.pdf

Hei.

Vedlagt følger ei scanna fil som – for heilskapen i saka si skuld - har i seg prosjektrekneskapen for omstillingsprosjektet i Askvoll for 2012, statusrapport av 08.02.13, tilsagnsbrevet frå Sogn og Fj. Fylkeskommune, d. 09.02.12 og vår særskilde revisjonssuttale i eige skriv av i dag, 14.02.13. Vi har særattestert rekneskapen i hht revisjonsstandarden for slike oppdrag, og gjeve vår påskrift på denne i dag, med referanse til vårt skriv (revisjonsuttale) d. 14/2-13..

Saka er ovesendt til prosjektleiar Britt Hansen, som tek saka vidare i systemet; bl.a. med rapportering til Sogn og fjordane Fylkeskommune, for å få ut tilskotsmidlar og evt overføringar av unytta midlar i 2013 til seinare år.

Vårt skriv er adressert til rådmannen med kopi til prosjektleiar, økonomisjef og kontrollutvalet. Vi sender her ein kopi også til ordførar, til orientering. Vi reknar med at det er tilstrekkeleg å sende dette som scanna fil pr. mail. I motsatt fall, ta kontakt hit. Detaljspørsmål kring prosjektet bør rettast til prosjektleiar.

Ha fortsatt EIN GOD DAG !

Mvh

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no



SM 8-13

KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Dagleg leiar/ Revisjonssjef: **Terje Forde**, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@krvssrevisjon.no
postmottak@krvssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Askvoll kommune
Rådmannen

6980 ASKVOLL

Kopi:

Prosjektleder Britt Hansen
Konst. Økonomisjef Nina Haugstad
Kontrollutvalet i Askvoll kommune

Dykkar ref.:
Rekneskapssamandrag
311212

Vår ref.:
\\Askvoll\overføring\omstilling\tf2013

Arkivkode:
216

Journalnr.:
007 / 2013

Dokumentdato:
14. februar 2013

REVISJONSUTTALE

– RAPPORTERING OMSTILLINGSMIDLAR ASKVOLL KOMMUNE 2012

Særutskrifter av årsrekneskapen for spesifisert rekneskap pr. 31.12.2012 for Askvoll kommune sine projektkostnader knytta til omstillingsprosjektet i kommunen, har vore førelagt kommunerevisjonen i Askvoll kommune for gjennomsyn, kontroll og særattestasjon/-uttale.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med revisjonsstandard «ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen med ei viss sikkerheit for at tilskotsmidlane er nytta i samsvar med prosjektplan og føresetnader for tilskotsmidlane.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre «*Prosjektrekneskap omstilling 2012*» frå prosjektleder i Askvoll kommune, d. 08.02.2013. Denne som viser spesifiserte sumkostnader slik det er kostnadsfordelt i Askvoll kommune sin offisielle kommunerekneskap, og har også i seg spesifisert finansiering. Sum totale rapporterte projektkostnader i projektrekneskapen utgjer kr. 2.979.675,-, medan sum projektkostnader omstilling i Askvoll kommune utgjer kr. 1.825.335,-. Det vert vist til rekneskapssamandraget, d. 08.02.13, som vi har gjeve vår påteikninga på i dag, 14.02.13, med henvisning til denne melding. Det vert også vist til tilsagnsbrev av 09.02.2012 frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, og særskild «*Statusrapport omstilling 2012*», d. 08.02.2013. Kostnadsoversikta er avrunda til heile kroner. Oversikta viser også finansiering og løyvingar/budsjett, og det går også fram unytta midlar i 2012 som vert søkt overført til prosjektet i 2013.

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Forde, Jølster, Naustdal, Gaular
Forde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Forde
Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@krvssrevisjon.no

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapssamandraget er underskrive på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med søknad og budsjett/kostnadsoverslaget
- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:

- ☒ fakturaene er bokført med rett beløp
- ☒ det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
- ☒ utgiftene er tilskotsberettiga etter regelverket/tilsagnet
- ☒ det ligg føre betalingsbilag/kontoutskrift som dokumenterer betalinga

Denne type tilskotsformidling er heimla/henta frå Statsbudsjettet kap 551, post 60, og Kommunal og Regionaldepartementet har stilt krav om at alle som får denne type tilskotsmidlar skal utforme ein eigen rapport kring resultat og effekt frå prosjektet. Verbalrapport er dagsett 08.02.13 og bør vere signert av prosjektleiar. Vår uttale her omfatar ikkje det som går fram av statusrapporten, men vi har gjennom vårt arbeide og denne særattestasjon frå vår side stadfesta Askvoll kommune og prosjektet sine totalkostnader i omstillingsarbeidet i Askvoll kommune i 2012.

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til rekneskapsoppstillinga. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa i dag, 14.02.13, med visning til denne melding. Det er vår oppfatning at kommunen tek rekneskaps-/rapporteringssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Vår uttale er utelukkande utarbeida for det føremål som er beskrive i andre avsnitt på side 1 i denne uttale, og skal ikkje brukast til noko anna føremål. Uttalen er kun meint å skulle distribuerast til Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samband med rapportering av bruken av tilskotsmidlane knytta til omstillingsarbeidet.

Florø den 14. februar 2013

Med helsing


 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

Vedlegg:

Kostnadsoversikt 'Prosjektrekneskap omstilling 2012', Askvoll kommune, revisorattestert 14.02.13.
 'Statusrapport omstilling 2012', d. 08.02.2013
 Tilsagnsbrev frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune, d.09.02.2012

Prosjektrekenskap omstilling 2012

Prosjektnavn	Prosjektkostnad Totalt	Finansiering annen	Prosjektkostnad omstilling	FINANSIERING OMSTILLING SFFK AK Næring
Strategi - Befolkningsvekst				
PROSJEKT 8658 OMDØMMEBYGGING				
Forstudie - sluttrapportert	78 407*	39 200*	39 207	28 503 9 802 902
PROSJEKT 8658 OMDØMMEBYGGING				
Forprosjekt - sluttrapportert	214 150*	107 000*	107 150	77 898 26 787 2 465
Totalt - strategi befolkningsvekst	292 557	146 200	146 357	106 401 36 589 3 367
Strategi - Robust næringsmiljø				
Prosjekt 8650 SMB UTVIKLING				
Forprosjekt - sluttrapportert	1 149 922	575 000* 311 640**	263 282	191 406 65 821 6 055
Prosjekt 8651 - SMB UTVIKLING				
Hovudprosjekt: pågår - delrapportert	90 000	52 000**	38 000	27 626 9 500 874
Prosjekt 8654 Kompetansebygging				
Årlige inspirasjonsdagar - sluttrapportert	19 932	-	19 932	14 490 4 984 458
Prosjekt 8656 Ungt Entreprenørskap				
Forstudie - sluttrapportert	4 843	-	4 843	3 520 1 211 112
Prosjekt 8657 - Næringsvennleg kommune				
Forstudie - sluttrapportert	139 109	69 500*	69 609	50 606 17 402 1 601
Prosjekt 8662 Kompetanse/rekruttering				
Forstudie: kartlegge behov, pågår, delrapportert	8 124		8 124	5 906 2 031 187
Prosjekt 8670 webportal næring / tilflytting				
Prosjekt pågår, delrapportert	45 000		45 000	32 715 11 250 1035
Totalt strategi robust næringsmiljø	1 456 930	1 008 140	448 790	326 269 112 199 10 322

Askvoll, 8. februar 2013/Britt Hansen - prosjektleiar

Prosjektrekningskap omstilling 2012

Administrasjon: Omstillingsorganisasjonen					
Prosjekt 8645					
styrearbeid, Studietur / seminar	108 048		78 551	27 012	2 485
Prosjekt 8655					
Utviklingsplan 2013-16 / handlingsplan 2013	74 480		54 147	18 620	1 713
Prosjekt 8640					
administrasjon	1 047 660		785 745	261 915	00
Totalt styre/administrasjon/planarbeid	<u>1 230 188</u>		<u>918 443</u>	<u>307 547</u>	<u>4198</u>
Totalt rapporterte prosjektrekningskap	2 979 675	1 154 340	1 351 113	456 335	17887
Løyvingar for 2012	4 575 000	1 185 500	2 350 000	725 000	17 624
Søkt overført til 2013			998 887	268 665	- 262

*Innovasjon Norge

** Fjaler Næringsutvikling / Omstilling Hyllestad

Askvoll, 8. februar 2013

Britt Hansen

Prosjektleder - omstilling

Askvoll

KOMMUNE

Attestert: jh. revisjonsattest 14/2.2013

Revisjonsavdelingen

Ytre Sogn og Sunnfjord

Postboks 481, 601 Forde

Daglig leder/Revisjonsleder

Askvoll, 8. februar 2013/Britt Hansen - prosjektleder

Statusrapport omstilling 2012

Omstillingsarbeidet i Askvoll kommune har ved utgangen av 2012 avslutta sitt andre år som omstillingskommune.

Handlingsplanen for 2012 hadde eit totalbudsjett på kr 4 574 000, med tre innsatsområde:

1. Befolkningsvekst
2. Robust næringsmiljø
3. Regional integrering

Det bør nemnast at totalbudsjettet viser eit bruttobeløp som inkluderar kommunen si 50 % stilling knytt til næringsfondet/1. linjetenesta (kr 260 000), Fjaler og Hyllestad sin eigenandel i SMB Utviklingsprosjektet (kr 328 500), samt Innovasjon Norge sitt finansieringsbidrag til Fjaler / Hyllestad si SMB deltaking (kr 328 000). Trekker vi desse beløpa i frå, set vi att med eit omstillingsbudsjett for 2012 på Kr 3 657 000.

Askvoll kommune si løyving for 2012 var kr 735 000 + 250 000 frå disposisjonsfondet (kommunestyre des 2011), totalt kr 985 000. Dette beløpet inkluderer lønn knytt til næringsfondet/1. linjetenesta, tilsvarende kr 260 000.

Styre og administrasjon

Omstillingsstyret består av fem medlemmar, tre valt av næringslivet og to valt av kommunestyret. Det har vore to utskiftingar i styret i løpet av året.

Det har vore gjennomført 6 styremøter. I tillegg har styret vore på studietur til Herøy kommune, i kombinasjon med eit styreseminar. Det er lite fråfall til styremøta.

Styrearbeidet har i løpet av året funne si form. Det er etablert eit arbeidsutval som består av styreleiar, nestleiar og prosjektleiar som har fullmakt til å løyve tilsegn i næringsfondssaker som klart er i tråd med vedtektene, og innafør ei ramme på kr 100 000.

I løpet av hausten har det vore arbeid med Utviklingsplan 2013 – 16 og handlingsplan 2013. I den samanheng har ein gjennomført eit større dialogmøte, i tillegg til to referansegruppemøter. Referansegruppa har vore sett saman av to personar frå næringsliv, to frå kommuneadministrasjonen og ein politiskar.

I tillegg til definerte prosjekt i handlingsdplanen, har det i 2012 også vore arbeid med:

- ☐ Næringsreise i HAFS
- ☐ Rekrutteringsmesser, Bergen og Trondheim
- ☐ HAFS treff i Bergen
- ☐ Rekruttering til etablerarkurs i regi av fylkeskommunen

Prosjektleiar set og i styret til Stiftinga Jensbua og i styret til Fjordkysten.

Administrasjonen har delteke på nasjonal omstillingskonferanse i regi av Innovasjon Norge og på Utviklingsforum i regi av fylkeskommunen. Sidan 1. april 2012 er det to tilsette i administrasjonen.

Prosjektportefølje:

Programstatusvurderinga som vart gjennomført i november, og som har fokus på avvik, summerer opp 2012 slik:

Statusrapport omstilling 2012

«Innsatsområde 1: Befolkningsvekst; (30 % av innsatsen)

Satset mye på omdømmeprojekt som er noe forsinket. Rekrutteringsprosjekt utsatt til 2013. Kommunen har iverksatt en revisjon av arealplanen, forventet å ta to år. Det er ledige tomter og hus, men det er ikke en samordnet oversikt, og det er ikke gjort noen vurdering av «attraksjonsverdien» av disse. Kommunen har hovedansvaret for dette innsatsområde. Det er et klart potensiale i bedre samordning og samarbeid mellom kommunen og omstillingsorganisasjonen.

Innsatsområde 2: Robust næringsstruktur; (60 % av innsatsen)

SMB-utvikling er gjort i samarbeid med Hyllestad og Fjaler. Fra Askvoll har 19 bedrifter deltatt i forstudien, 12 i forprosjektet og 10 er i gang med hovedprosjektet. Dette må sies å være særlig godt!

Reiselivsutviklingen er noe på etterskudd og blir delvis overført til 2013. Flere viktige veivalg som må tas i samarbeid med nabokommunene.

Det er gjennomført eget prosjekt for handels- og servicenæringen.

I stedet for egen «næringsavis», er det under planlegging etablering av egen webportal som i tillegg til å informere om aktiviteten i omstillingsarbeidet, også vil synliggjøre ledige boliger, tomter, næringsareal og ledige stillinger. Så langt har en lagt ut rapporter o.l. under omstilling / næringsutvikling på Askvoll kommune si web-side.

Ungt entreprenørskap er pt ikke godt nok forankret i skolen. Forstudien konkluderte med at det er behov for en politisk prioritering for å få tilbudet integrert.

Næringsvennlig kommune forstudie er gjennomført, og ett forprosjekt er under planlegging i løpet av 2012, men blir kanskje noe utsatt avhengig av prioriteringer fra rådmannen.

Innsatsområde 3: Askvoll og regionen; (10 % av innsatsen)

Her er ikke gjort noen spesielle initiativ fra Askvoll. HAFS regionråd har fått ansvaret for å se på felles ordninger for næringsutvikling.

Konklusjon: Innsatsområde 2 er prioritert og det er gjennomført flere viktige prosjekter her. Innsatsområde 3 er nærmest satt «på vent» mens innsatsområde 1 krever flere tiltak fra kommuneadministrasjonen.»

I arbeidet med Utviklingsplan 2013 – 16 og Handlingsplan 2013 har omstillingsstyret beslutta å ta ut det regionale arbeidet som eige innsatsområde.

Kommunalt næringsfond

Det vil bli sendt eigen årsrapport for bruken av næringsfondsmidler.

Det har vore behandla 24 søknader som har gjeve 22 tilsegn og 2 avslag.

Totalt er det løyvd tilsegn for kr 1 472 290,- som har gått til 13 bedriftsutviklingstiltak, 2 investeringstilskot, 3 arrangementsstønader og 4 kunnskapsretta infrastrukturtiltak.

Tildelinga frå fylkeskommunen for 2012 var på kr 810 925,-. Det vart overført ubrukne midlar frå tidlegare år med kr 800 480,-.

Prosjektrekneskap

Rekneskapet for 2012 viser at det har vore brukt vesentleg mindre enn budsjettert. Dette heng saman med at handlingsplanen var for ambisiøs i forhold til tilgjengelege personellressursar, at enkelte delprosjekt har vorte rimelegare enn budsjettert, at enkelte prosjekt treng nærare avklaring og at Innovasjon Norge har bidrege på fleire prosjekt enn først antatt.

Statusrapport omstilling 2012

Oppsummering – framdrift

Programstatusvurderinga som vart gjennomført i november, konkluderar med at arbeidet er komme godt i gong, men har framleis noko å hente på tettare samhandling med både næringsliv og kommuneadministrasjon.

Arbeidet med Utviklingsplan 2013 – 16 har teke mykje tid i haust, men når den no føreligg peikar den ut retninga for arbeidet dei neste fire år og vil forenkle arbeidet med dei framtidige handlingsplanane.

Askvoll, 8. feb 2013

Britt Hansen

sign

Prosjektleder – omstilling

Vedlegg:

Handlingsplan 2012 - Staus i prosjekta per 5. desember 2012

Statusrapport omstilling 2012

Handlingsplan 2012 - Status i prosjekta per 5. desember 2012

Innsatsområde 1: Befolkningsvekst

Prosjekt 1. Omdømmebygging og marknadsføring av Askvoll

Prosjektmål: Identifisere og konkretisere viktige innsatsområde for eit framtidig omdømme- og marknadsarbeid.

Status: Forstudie gjennomført

Tiltak: Mediekartlegging – analyse av korleis Askvoll kommune står frem i media.

- Konklusjon: Stort potensiale knytt til betre stadreferanse. Mange flotte oppslag vert ikkje geografisk plassert i Askvoll kommune.

Tiltak: Analyse av kva som kjenneteiknar Askvoll kommune som er viktige for målgruppa (unge vaksen 20-40 år, tilflyttarar, etablerarar).

- Konklusjon: kommunen har usedvanleg mange registrerte verksemdar i høve folketal. Vitnar om grunderand og aktive og sterke bygder – element ein kan byggje på i eit omdømmeprojekt.

Status: Forprosjekt – avslutta

Tiltak: Gjennomført identitetskartlegging (internt)
Gjennomført omdømmekartlegging (eksternt)
Analyse / presentasjon av kartleggingane
Sluttrapport med tilråding til framtidige innsatsområde.

Prosjekt 2: Omdømmebygging – intern profilering

Forprosjekt og hovudprosjekt

Prosjektmål: Styrking av stoltheit og trua på eigne krefter.

Dokumentere og synleggjere kommunens aktiva, med vekt på eldsjelene i Askvoll sitt næringsliv, i lokalsamfunn og kulturliv.

Status: ikkje gjennomført – avventar tilrådinga etter forprosjektet i Prosjekt 1.

Prosjekt 3: Rekruttering / tilflytting – ekstern profilering

Forstudie og forprosjekt

Prosjektmål: avklare behovet for og innhaldet i eit eventuelt samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad, Fjaler og Askvoll knytt til rekruttering av framtidig arbeidskraft. Utarbeide prosjektplanar.

Status: ikkje gjennomført, treng meir avklaring, eit arbeid ein vil starte opp i 2013.

Prosjekt 4: Analyse av behovet for tilrettelegging i kommunen

Forstudiar

Prosjektmål: identifisere kva for utviklingsoppgåver som må prioriterast, og korleis gjennomføringa av desse skal vere.

- Behovet for bustader, både for utleige, for sal og tilgongen til attraktive bustadareal. Herunder korleis marknaden for bustader i kommunen fungerer i dag.
- Behovet for vidare utvikling og sal av næringsareal i Vikane.
- Behovet for tettstadutvikling av Askvoll sentrum.

Status: ikkje gjennomført, kan sjåast i samanheng med forstudien i prosjektet

Næringsvennleg kommune omtalt under.

Behov for bustadar vil verte jobba med i Program Tilflytting i 2013.

Statusrapport omstilling 2012

Innsatsområde 2: Robust Næringsmiljø

Prosjekt 1: SMB utvikling

Forprosjekt

Prosjektmål: Utarbeide bedriftsdiagnose og prosjektplanar for den enkelte bedrift
12 (av 19) bedrifter frå Askvoll har gjennomført forprosjektet

Status – gjennomført og avslutta:

NYTT: SMB Utvikling

Hovudprosjekt

Målsetting: utvikle fellesarena for nettverksbygging, kompetanseheving / –deling

Status: prosjektet pågår og vil bli vidareført i 2013.

Prosjekt 2: Utvikling av reiseliv og opplevingar i Askvoll

Forstudie

Målsetting: Kartlegge reiselivsverksemdene i kommunen og avklare ønske om tettare produktutviklingssamarbeid

Status: prosjektet er under planlegging i samarbeid med Fjaler Næringsutvikling, vil gå i 2013

Prosjekt 3: Kompetansebygging handel- og service

Prosjektmål: gjennomføre eit handlingsretta kompetanseprogram for å styrke konkurranseevna og auke verdiskapinga i handelsnæringa med 10%.

Status: Gjennomført kundeundersøking og arbeider med servicebegrepet og «kundereisa» i butikken og i Askvoll sentrum.

Prosjektet vil verte avslutta ved i februar 2013. Er fullfinansiert av IN og ikkje med i prosjektrekneskapet.

Prosjekt 4: Profilering av og formidling frå næringslivet og omstillingsarbeidet i Askvoll

Målsetting: formidling og informasjon om og frå næringslivet

Status: innhaldet er endra frå ei næringsavis til ein webportal

Prosjektet er starta opp og vil verte vidareført i 2013.

Prosjekt 5: Årleg inspirasjonsdag(ar)

Prosjektmål: Gje inspirasjon til, og spreie informasjon om, utviklingsarbeidet

Status: Det vart gjennomført inspirasjonskveldar i mars og oktober i samarbeid med Askvoll Næringsutvikling (ANU).

Prosjekt 6: Kompetansebygging – forstudie

Prosjektmål: kartlegge kompetanse- og rekrutteringsbehov i næringslivet

Status: prosjektet er starta opp og vil verte ferdigstilt i feb 2013.

Prosjekt 7: Næringsvenleg kommune - Askvoll kommune sin administrasjon som konkurransefortrinn

Forstudie:

Prosjektmål: kartlegge næringslivet si tilfredsheit med kommunal forvaltning, tenesteproduksjon og samarbeid.

Status: Gjennomført spørjeundersøking i næringslivet. Sluttrapport der ni

Statusrapport omstilling 2012

forbetringsområde er identifisert.

Forprosjekt

Prosjektmål: Planlegge iverksetting av tiltak for betring av kommunal service.

Status: Eit delprosjekt – seminar med tema *Næringsvennleg politikk* er under planlegging.

Prosjekt 8: Ungt entreprenørskap (UE) i skolen

Forstudie

Prosjektmål: kartlegge kva som må til for å integrere UE i skulen.

Status: Gjennomført møte med rektorar, skulesjef og ordførar. Gjennomført workshop med deltakarar frå skulane, UE S & F og Hyllestad.

Konklusjon: UE må forankrast politisk/administrativt for å få ein plan som sikrar at elevane får tilbod om UE uavhengig av kva skule dei går på.

Innsatsområde 3: Askvoll og regionen

Prosjekt 1: Regional næringsstrategi og regional næringsapparat.

Forstudie

Prosjektmål: finne interessa for å etablere eit felles apparat for næringsutvikling i HAFS

Status: Arbeidet ligg under ansvarsområde til HAFS regionråd, lite har skjedd i 2012.



Askvoll kommune

Postboks 174
6988 ASKVOLL

ASKVOLL KOMMUNE	
POSTMOTTAK	
Arkivsak.nr. 08/12-52	Jnr. nr. 12/1183
15 FEB. 2012	
Arkivkode 000	
U.off.	Saksh. BRH
Kopi	

Sakshandsamar:
Audhild Schaathun
E-post: audhild.schaathun@s fj.no
Tlf: 57 65 62 56

Vår ref.
Sak nr.: 11/5511-12
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
5166/12

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 09.02.2012

Tilsegn om omstillingsstatus og omstillingsløyving 2012

Vi viser til søknaden dykkar datert 17.01.2012 om omstillingsstatus og omstillingsløyving for 2012. Der søker de om kr 2 356 375 i tilskot frå fylkeskommunen til gjennomføring av vedteken omstillingsplan med handlingsplan for Askvoll kommune 2012.

Hovudutval for plan og næring gjorde i møte den 1. februar 2012 i sak nr 3/12 følgjande vedtak:


- «
1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Hyllestad kommune omstillingsstatus for 2012 og 2013.
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Hyllestad kommune ei løyving på kr 2 850 000 til omstillingsarbeidet i 2012.
 3. Sogn og Fjordane fylkeskommune reknar 2011 som Askvoll kommune sitt første år med omstillingsstatus. Omstillingsstatusen gitt i HPN-sak 7/11 for åra 2011 og 2012 ligg fast.
 4. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev Askvoll kommune ei løyving på kr 2 350 000 til omstillingsarbeidet i 2012.
 5. Midlane i punkt 2 og 4 vert henta frå budsjetterte omstillingsmidlar 2012.
 6. **Vilkår for omstillingsløyvinga**
 - Det skal leggst vekt på høg kvalitet og god styring i alle prosjekta
 - Innovasjon Norge sin prosjektleiarprosess (PLP-Prosjektlederprosessen)
 - skal nyttast i alle prosjekt
 - All støtte til bedrifter skal vere i samsvar med EØS-avtalen sine retningslinjer om offentlig støtte til næringslivet
 - Øvrige vilkår går fram av tilsegnsbrevet

Tilsegna er basert på følgjande budsjett og finansieringsplan:

Budsjett for programområda og drift av omstillingsorganisasjonen 2012:

Befolkningsvekst	kr 800 000
Robust næringsmiljø	kr 2 114 000
Drifting av omstillingsorganisasjonen	kr 1 400 000
Sum	kr 4 314 000

Prosjektspesifikasjon og kostnader innafor dei ulike programområda går fram av handlingsplanen.



Finansiering:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 2 350 000
Innovasjon Norge	kr 857 000
Omstillingsorganisasjonen i Hyllestad/Fjaler Næringsutvikling	kr 328 500
Askvoll Næringsutvikling	kr 40 000
Askvoll kommune	kr 265 760
<u>Overførte midlar frå 2011</u>	<u>kr 472 740</u>
<u>Sum</u>	<u>kr 4 314 000</u>

Medrekna 72,7 prosent av overførte midlar frå 2011, utgjør støtta frå Sogn og Fjordane fylkeskommune 62,4 prosent av totalbudsjettet.

Tilskotet vert dekkja med midlar sett av til omstilling, tenesteområde 4203, på plan og næring sitt budsjett for 2012.

Tilskotet vert gjeve på følgjande vilkår:

Aksept og endringar

- Arbeidet må ikkje setjast i gang før prosjektet er fullfinansiert.
- Tilsegnsmottakar må skriftleg stadfeste innan 9.april 2012 at tilsegna er motteke og at det er aktuelt å gjennomføre prosjektet på dei vilkåra som er sette i dette brevet. Bruk vedlagte skjema.
- Tilsegnsmottakar skal saman med stadfesting på motteken tilsegn, sende inn oppdatert budsjett om det er endringar i dette.
- Endringar er naturlege i utviklingsarbeid. Dersom det vert større endringar i prosjektet som m.a. medfører endringar i prosjektet sitt totale budsjett, må Askvoll kommune søkje Sogn og Fjordane fylkeskommune om å få godkjent endringa i høve tilsegna.
- Tilsegna gjeld i tilsegnsåret (og dei to påfølgjande åra). Tilsegna fell bort dersom vi ikkje har motteke stadfesting av tilsegn og vilkår og oppmoding om første utbetaling innan 9. april 2012. Det skal førast spesifisert rekneskap for prosjektkostnadane. Rekneskapen skal setjast opp slik at det kan jamførast med endeleg budsjett. Dersom arbeidet ikkje vert utført i planlagt omfang eller til kalkulert kostnad, vil tilskotet verte tilsvarende avkorta.

Utbetaling

- Fylkeskommunen kan utbetale inntil 25 prosent av tilskotet når tilskotsmottakar har akseptert vilkåra i dette brevet, og arbeidet har starta opp (førehandsutbetaling). For å få midlar, må prosjektansvarleg be fylkeskommunen om ei utbetaling (utbetalingsoppmoding). Dette vert gjort i same skjema som stadfesting av at tilsegna vert teke imot.
- Fylkeskommunen kan betale ut dei neste 50 prosent av tilskotet når fylkeskommunen har motteke dokumentasjon på faktiske utgifter på 75 % av totalkostnadane i prosjektet. Med dokumenterte utgifter meiner vi her utdrag frå rekneskapssystem, ikkje revisorgodkjent rekneskap.
- Den siste delen av tilskotet (resterande beløp) skal utbetalast når prosjektaktiviteten er fullført og sluttrapport og revisorstadfesta rekneskap er sendt inn og eigen webbasert rapport er sendt til KRD. Fylkeskommunen tek då stilling til om tilskotet skal utbetalast.
- Oppmoding om sluttutbetaling vert å sende snarast muleg etter prosjektslutt, seinast innan 3 mnd etter at prosjektet er avslutta. Etter denne dato vil tilskotet verte inndrege.

- I særskilte høve kan prosjektet etter skriftleg søknad til Sogn og Fjordane fylkeskommune få forlenga fristen for utbetaling av tilsegna.
- Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake utan opphald.

Profilering:

- I skriftlege og munnlege framstillingar av prosjektet forpliktar tilsegnsmottakar seg til å nemne at prosjektet er delfinansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Oppfølging, rapportering og kontroll – Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Fylkeskommunen har gitt Innovasjon Norge i oppdrag å følge opp kommunen i omstillingsarbeidet. Som del av dette arbeidet vil det bli gjennomført programstatusvurdering innan utgangen av november 2012. Innovasjon Norge deltek, saman med Sogn og Fjordane Fylkeskommune, som observatør i styremøta til Omstillingsorganisasjonen og bidreg med råd og rettleiing undervegs i arbeidet.
- Det må lagast ein sjølvstendig prosjektrapport/sluttrapport som skal sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune når prosjektet vert avslutta. Arbeid må gjennomførast og rapporterast i samsvar med framdriftsplanen og godkjent budsjett. I sluttrapporten skal det kome klart fram dei ulike finansieringskjeldene i prosjektet. Det skal også rapporterast i høve prosjektmål, avvik og oppnådde resultat.
- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at de held vilkåra for tilskotet. De pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om. Mottakar er sjølv pliktig til å kontrollere at den utbetalte summen er korrekt.

Rapportering og kontroll - Kommunal- og regionaldepartementet:

Til dette tilskotet har fylkeskommunen nytta midlar frå statsbudsjettet kap. 551, post 60.

Kommunal- og regionaldepartementet stiller krav om at alle som får tilskot gjennom denne posten skal rapportere resultat og effekt frå prosjektet. Det er difor eit krav å svare på denne rapporten for å få sluttutbetaling frå fylkeskommunen. Denne rapporten er webbasert, og de finn den på <http://mrs.spine.no>, samt på www.sfj.no under næring.

- I medhald av § 10 i løyvingreglementet og § 12 i lov om Riksrevisjonen vert det teke atterhald om høve for Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.


Stadfesting av motteke tilsegn og oppmoding om utbetaling må sendast:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/Audhild Botnen Schaathun
Askedalen 2

6863 Leikanger

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til underteikna.

Med helsing



Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring

Audhild Botnen Schaathun
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

Skjema for stadfesting og oppmoding om utbetaling

Kopi: Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Kristin Arnestad

Førde Terje

Fra: Hansen Britt
Sendt: 8. februar 2013 16:17
Til: Førde Terje
Emne: Ang. prosjektrekneskap omstilling i Askvoll 2012
Vedlegg: Tilsegn om omstillingsstatus og omstillingsløyving 2012 (L)(110064).pdf; prosjektrekneskap omstilling 2012.pdf; Statusrapport omstilling 2012 revidert 8 feb 2013.docx; Statusrapport omstilling 2012.docx

Hei,

Vedlagt rekneskap for omstillingsarbeidet 2012 med prosjektfordeling.

Vedlagt tilsegnsbrev frå SFFK.

Vedlagt statusrapport omstilling 2012 sendt kommunestyret og fylkeskommunen i forbindelse med søknad om midlar for 2013.

Statusrapport revidert 8 feb - har teke inn det som har skjedd etter at statusrapporten var skreven.

Håpar du har det du treng.

Hvis ikkje, ta kontakt.

Med helsing

Britt Hansen

Prosjektleiar - omstilling

Tlf.: 94870010

REVISJONEN

Være Sogn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

Date: 11.02.2013 OH:
Sak nr. 006/2013 Regnr:
Arkiv: 216
Avd.koder: 1438
Saksbehandlar: T.H.

Tveit Asgeir

Fra: Litsheim Charles
Sendt: 7. mai 2013 15:20
Til: Tveit Asgeir
Emne: SV: Status forvaltningsrevisjonsprosjekt Askvoll - Innkjøpsfunksjonen

Hei

Eg har i dag hatt oppstartsmøte med rådmannen, ass rådmann og ein rådgjevar.

Sendte e-post med førespurnad om dato for oppstartsmøte den 8. mars i år. Denne vart purra den 19. april. Fekk så svar frå rådmannen den 23. april.

I morgon vil eg sende møtereferat til rådmannen, og eg vil i løpet av morgondagen sende ein e-post med førespurnad om styringsdokument, innkjøpsreglement, avtalar om innkjøpssamarbeid, samt at eg vil be om å få kopi av kva som er gjort mot LOA i to investeringsprosjekt.

Har tenkt å nytte anten Trine eller Terje til å plukke bilag, og hjelp til å få utkøyrd relevant data frå økonomisystema.

Dette til orientering.

Mh
Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 7. mai 2013 12:21
Til: Litsheim Charles
Emne: Status forvaltningsrevisjonsprosjekt Askvoll - Innkjøpsfunksjonen

Korleis ligg de an med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Vurdering av innkjøpsfunksjonen» i Askvoll?

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

010/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	010/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Utkast til fråsegn frå kontrollutvalet i Askvoll kommune, datert 21.05.2013.
- Årsmelding 2012. (Sendt frå kommunen).
- Årsrekneskap 2012. (Sendt frå kommunen)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon, datert 15. april 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Askvoll kommune, datert 21.05.2013.

KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - ASKVOLL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Askvoll kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til bystyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er inkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Askvoll

Askvoll 21.05.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR ASKVOLL KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Askvoll kommune er handsama i kontrollutvalet i Askvoll 21.05.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012 for Askvoll kommune.
- Årsmeldinga frå administrasjonssjefen datert 27.03.2013.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av administrasjonssjefen. Rekneskapen viser eit negativt brutto driftsresultat på kr. 4,256 mill., og eit negativt netto driftsresultat på kr. 6,808 mill. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr. 4,958 mill.

Revidert driftsbudsjett på inntektssida var kr. 213,657 mill. Rekneskapen viser kr. 225,437 mill. Det vert vist til «Økonomis oversikt – Drift» for detaljar.

Driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 210,284 mill. Rekneskapen viser kr. 225,437 mill. Det vert vist til «Økonomis oversikt – Drift» for detaljar.

Netto driftsresultat er kr. 7,953 mill. dårlegare enn budsjettet.

Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – drift». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvika i årsmeldinga side 10 og i årsmeldinga kapittel 5.

Kontrollutvalet viser til årsmeldinga kapittel 5 "Avvik mellom rekneskap og budsjett". Dette viser at det er avvik i høve til revidert budsjett for fleire einingar. Størst avvik har omsorgstenesta med eit avvik på 8,1%.

Investeringsrekneskapen er gjort opp utan udekka beløp. Det er relativt store avvik mellom resultat og regulert budsjett på enkeltpostar i «Økonomisk oversikt – investering». Revisor har påpeika dette med atterhald i revisjonsmeldinga.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

I økonomireglementet til Askvoll kommune går det fram at rekneskapen for investeringsprosjekt skal leggjast fram for politisk handsaming. Dette er ikkje blitt gjort i 2011 og 2012. I presisering i revisjonsmeldinga har revisor påpeika dette.

Kontrollutvalet vil også peike på at kommunen har høg lånegjeld. Gjeldsgrada er auka frå 92,6% i 2011 til 95,5 % i 2012.

Askvoll kommune har ein lite tilfredsstillande likviditetssituasjon. Likviditeten i 2012 er dårlegare enn i 2011. Det vert vist til årsmeldinga side 12 punkt 4.2 Likviditet.

Revisor har i presisering skrive at kommunen bør vurdere å undergje sjølvkostområda i kommunen særskilde vurderingar med fokus på å kvalitetssikre interne rutinar på saksfeltet.

Kontrollutvalet viser utover dette til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å omtale rekneskapen på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har eitt atterhald og to presiseringar.

Med atterhaldet og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Askvoll kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Jorunn Ringstad
-leiar-

Ole Andreas Myrstad

Ruben Fedøy

Kjellaug Mikalsen

Kåre Haugen

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Til Askvoll kommune
v/Ordføreren

6980 Askvoll

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

Dykkar ref.:
Kommunerekneskapen 2012

Vår ref.:
\\Askvoll\rev.beretning2012

Arkivkode:
210&14

Journalnr.:
019 / 2013

Dokumentdato:
15. april 2013

REVISJONSBERETNING ASKVOLL KOMMUNE 2012

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Askvoll kommune, som er samansett av balanse pr 31.12.2012, driftsrekneskap som viser eit negativt netto driftsresultat på 6,808 mill. kr. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 4.957.759,-. I tillegg følgjer investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr 31.12.2012, som inneheld ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar til rekneskapen.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleghald eller feil og manglar.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengig av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil og manglar. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata som er utarbeidd av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon:

Etter vår vurdering er årsrekneskapen avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Askvoll kommune pr 31.12.2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. 31.12.2012, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, jfr. *forbehold* og *presiseringar* nedanfor.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen er samanstilt og stemmer i det alt vesentlege med regulert budsjett; - jfr. likevel *forbehold* nedanfor:

Forbehold:

Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomiske oversikter for drift og investering. Rådmannen har gjort greie for budsjettavvik i årsmeldinga.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter *internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk økonomisk informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokførings-skikk.

Utan at det har betydning for våre konklusjonar ovanfor, vil vi kome med følgjande *presisering*:

- *Kommunen bør vurdere å undergje sjølvkostområda i kommunen særskilde vurderingar, med fokus på å kvalitetssikre interne rutinar på saksfeltet.*
- *Økonomireglementet til Askvoll kommune stiller krav om at ferdigstilte prosjekt i investeringsrekneskapen skal rapporterast til politiske organ i Askvoll kommune. Vi kan ikkje sjå at vi har fått oss førelagt dette for regnskapsåret 2011 og 2012 for alle dei rapporteringspliktige prosjekta som har vore gjennomført i Askvoll kommune desse åra.*

Florø/Askvoll, 15. april 2013
Kommunerevisjonen
Tore Søren og Sunnfjord
Telefon: 9487, 6801 Forde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef


Terje Vokuhl
Kommunerevisor I
KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
TØRE SOGN OG SUNNFJORD

011/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - ASKVOLL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	21.05.13	011/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Askvoll.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - ASKVOLL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 07.05.2013

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Askvoll.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Askvoll kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
020/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	10.12.09		10.12.09 Vedtak KU - Orientering frå adm. - Tertialrapportar - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen - Orientering frå revisor - Kvalitetsrapportar frå revisor.
Sak 04/12 Klagesak – Vurdering lovlegheit av kst-vedtak 15/11.	09.03.12		14.03.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet er ikkje klageorgan. - Kontrollutvalet sender saka over til rådmannen. - Kontrollutvalet ber om å få svarbrevet frå rådmannen på brev frå Friplan av 12.11.2011. 15.03.12 Brev til Friplan med vedtak. 15.03.12 Brev til Askvoll kommune. 05.12.12 Purring.
Sak 07/12 Tinging forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vurdering av innkjøpsfunksjonen.	09.03.12		14.03.12 Vedtak KU. 15.03.12 s. KRYSS revisjon. 13.11.12 Motteke framdriftsplan
Sak 014/12 Skriv og meldingar.	21.05.12		21.05.12 Vedtak KU: Ad: SM 09-12 Rådmann orienterte om status i klagesaka på vass og avlaupsgebyr frå Friplan. - Saka er kompleks og det vert jobba med saka. - Kontrollutvalet vil få tilsendt svarbrev som blir sendt til Friplan vedrørende saka.
Sak 016/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport – vurdere ressursbruk og bemanning innen pleie og omsorg.	21.05.12		21.05.12 Vedtak KU: Det vert vist til brev frå kommunalsjef omsorg 14.05.2012. Kontrollutvalet sender saka til kommunestyrt som skriv og melding. 22.05.12 Saka sendt til KS som skriv og meldingssak. 18.06.12 Vedtak kst sak 061/12 Referatsaker.
Sak 027/12 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – innkjøpsfunksjonen – Prosjektplan.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU – Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen» vert teken til vitande. 07.05.13 Bede KRYSS om status. 07.05.13 Motteke status. Sjå SM 9-13.
Sak 029/12 Plan for selskapskontroll – Askvoll kommune.	23.11.12		23.11.12 Vedtak KU - 1. Planen for selskapskontroll i Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent. Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere å gjere følgjande vedtak: Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram ei sak om selskapsstrategi og eigarskapsmelding. 17.12.12 Vedteken kst sak 138/12.
Sak 030/12	23.11.12		23.10.12 Vedtak KU

Oppfølgingsliste 3-2012 - Askvoll			– Kontrollutvalet ber om å få svarbrevet fra rådmannen til Friplan, jfr brev fra kontrollutvalet til Askvoll kommune datert 15.03.2012. - Kontrollutvalet tek elles oppfølgingsliste 4-2012 Askvoll til vitande. 05.12.12 Sendturring på svarbrevet fra rådmannen til Friplan.
Sak 001/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	16.01.13		16.01.13 Vedtak KU – Ingen merknader
Sak 002/13 Skriv og meldingar.	16.01.13		16.01.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
Sak 003/13 Årsmelding frå kontrollutvalet i Askvoll 2012	16.01.13		16.01.13 Vedtak KU – Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Askvoll kommune vert godkjent. 17.01.13 s. Askvoll 11.03.13 Vedtak kst sak 018/13.
Sak 004/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 Askvoll	16.01.13		16.01.12 Vedtak KU - Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Askvoll kommune for perioden 2012 – 2016. Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt: 1. Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. 2. Oppfølging av vedtak i Askvoll kommune. 3. Vedlikehald av kommunal eigedom. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden. 17.01.13 Sendt til KS 11.03.13: Vedtak kst sak 019/13.
Sak 005/13 Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll 2013	16.01.13		16.01.12 Vedtak KU – Møteplan for kontrollutvalet i Askvoll vert godkjent
Sak 006/13 Oppfølgingsliste 1-2012	16.01.13		16.01.12 Vedtak KU - Oppfølgingsliste 1-2012 Vert teken til vitande
Sak 007/13 Eventuelt	16.01.13		16.01.12 Vedtak KU – Det vart ikkje teke opp saker.

Oppdatert 14.05.2013

012/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.05.2013	012/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.